



Statens vegvesen

Kjell Mogen
Tveiten 50
5957 MYKING

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2015/046722-004

Dykkar referanse:

Vår dato:
15.06.2015

Uttale - Søknad om avkjørsel - Jordtipp - gnr. 103 bnr. 2 - Lindås kommune

Vi viser til søknad om avkjørsle motteken 16.04.2015.

Vi har vore i kontakt med Lindås kommune v/ Eli Bjørklid, og har fått opplyst at kommuneplanens arealdel har krav om reguleringsplan for den type tiltak som det vert søkt om avkjørsle til i denne saka. Vi gjev derfor ein førebels uttale til reguleringsplanarbeidet.

Det kjem ikkje klart fram av tilsendt søknad, men vi legg til grunn at det vert søkt om å nytte avkjørsle til skogsbilveg, markert med raud ring i kartutsnittet nedanfor.



Avkjørsle som uttalen omhandlar er ringa inn.

Statens vegvesen er ikkje avvisande til at avkjørsle kan verte vurdert som tilkomst til ein større jordtipp. I eit reguleringsplanarbeid bør det vurderast å regulere venstresvingefelt for bilar som kjem frå nord og skal inn til jordtippen. Bakgrunnen for dette er fare for trafikkulukker i samband med bilar som skal svinge inn til venstre. Dette gjeld både fare for påkjørsle bakfrå og møteulukker i tilknytning til unnamanøver for ventande bil.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Når det gjeld teknisk utforming av avkøyrsla elles, legg vi til grunn at den vert planlagd og opparbeidd i samsvar med gjeldande tekniske krav i vegnormalane og rettleiaren for geometrisk utforming av veg- og gatekryss. Vi viser særleg til våre handbøker N100, N200 og V121.

Det ligg ei landbruksavkøyrslé om lag 150 meter sør for skogsbilvegavkøyrsla. Vi vil for ordens skuld presisere at denne kan det ikkje påreknast at kan nyttast for tilkomst til ein større jordtipp.

Vi vil kunne gje ein meir utfyllande uttale til reguleringsplanarbeidet når vi får saka tilsendt for uttale i samband med melding om oppstart av planarbeid.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing


Odd Høydalsvik
sjefingeniør


Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Lindås kommune (postmottak@lindas.kommune.no)